



## ETISKE RETNINGSLINER FOR FOLKEVALDE OG TILSETTE KNYTTA TIL PROSJEKT NYE ÅLESUND

*Retningslinene er vedteke av fellesnemnda og gjeld i perioden for etablering av nye Ålesund frå vedtaksdato i 2018 og fram til 01.01.2020.*

*Retningslinene gjeld for tilsette i prosjektorganisasjonen og tilsette frå dei fem involverte kommunane under arbeid i oppretta delprosjekt for nye Ålesund. Retningslinene gjeld også for oppnemnde medlemmer i folkevalde organ i nye Ålesund.*

### **1. Kvifor har vi etiske retningslinjer**

Dei etiske retningslinene for folkevalde og tilsette i prosjektet nye Ålesund skal vere ei hjelp til større forståing, openheit og innsyn, og med det unngå speulasjonar og mistanke om uetiske handlingar og kritikkverdige forhold.

Dei etiske retningslinene skal byggje på lover, forskrifter og god forvaltningskikk, samt nye Ålesund sine visjonar og verdigrunnlag.

Nye Ålesund skal syte for at retningslinene er kjente og lett tilgjengelege for alle involverte i prosjektperioden. Regelverket skal også vere tilgjengeleg for innbyggjarane i dei fem kommunane. Uvisse om tolking av regelverket skal tilsette ta opp med prosjektleiar i nye Ålesund. Folkevalde bør bruke dei folkevalde organa i nye Ålesund for avklaring av spørsmål.

Når det gjeld varsling i vanskelege saker for tilsette (melding som gjeld kritikkverdige forhold i prosjektorganisasjonen) gjeld arbeidsmiljøloven sine reglar og KS sine retningslinjer for handtering av slike saker.

### **2 Målsetting med retningslinene**

Nye Ålesund skal bygge eit godt omdømme på bakgrunn av høg etisk standard.

Det er viktig at fellesnemnda, prosjektleiar og andre med leiarfunksjonar i prosjektorganisasjonen utviser eit leiarskap basert på høg etisk standard. Haldningar og verdiar som går fram av denne standarden, forplantar seg frå fellesnemnd til prosjektleiar og

Øvrige tilsette. Den enkelte si framferd og handlingar legg grunnlaget for innbyggjarane i kommunane som er med å bygge nye Ålesund sin tillit.

### **3. Respekt**

Alle som er i kontakt med nye Ålesund skal møtast med respekt og likeverd. Dette gjeld innbyggjarar så vel som andre aktørar. Alle skal få god informasjon og korrekt rettleiing.

Tilsette og folkevalde i nye Ålesund skal vise respekt for kvarandre sine roller. Prosjektet treng aktive tilsette som tek initiativ til å få fram gode tenester, nyttige endringar og god forvaltning.

Fellesnemnda har det øvste arbeidsgjevaransvaret, og folkevalde tek i prosjektet viktige avgjerder om Nye Ålesund sine planar, drift og investeringar for framtida. Tilsette skal vise lojalitet til politiske vedtak.

### **4. Innsyn og habilitet**

Prosjektet byggjer på størst mogleg offentleg innsyn. Både tilsette og folkevalde må i prosjektperioden derfor vere innstilt på at det blir sett kritisk lys på habilitet og innhald/kvalitet i arbeidet.

Tilsette i prosjektorganisasjonen og dei folkevalde skal til ei kvar tid og ved eit kvart høve unngå å kome i situasjonar som kan medføre konflikt mellom prosjektet nye Ålesund sine interesser og personlege interesser. Dette kan også gjelde tilhøve som *ikkje* vert ramma av reglane om habilitet i forvaltningsloven.

Kvar enkelt har elles plikt til å gjere seg kjent med habilitetsreglar gitt i lover, forskrifter og andre retningslinjer. Dersom nokon er i tvil om det kan stillast spørsmål ved deira habilitet skal dei ta det opp med næraste leiar.

### **5. Bruk av midlar, gåver m.v**

Tilsette og folkevalde i nye Ålesund skal bruke arbeidstid, prosjektet sine midlar og egedelar på ein effektiv og god måte. Tilsette i prosjektorganisasjonen og dei folkevalde skal unngå fordelar av ein kvar art som kan påverke eller vere eigna til å påverke saksførebuingar eller vedtak.

Det er ikkje høve til å ta mot gåver med mindre dette gjeld ting av relativt liten verdi, inntil omlag kr 1.000,- som bøker, blomster og liknande. Gåver omfattar ikkje berre materielle gjenstandar, men også andre fordelar for eksempel reiser, opplevingar eller personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester.

Ved tilbod om gåver og liknande som har eit omfang som går utover desse retningslinjene, skal overordna kontaktast og givaren få beskjed om reglane.

Reiseutgifter i tenestesamanheng skal dekkjast av nye Ålesund. Unntak frå dette kan berre skje etter særskilt vedtak.

Folkevalde og tilsette kan ikkje akseptere fritidsreiser betalt av firma, organisasjonar eller liknande som dei har kontakt med på vegne av prosjektet nye Ålesund.

## **6. Representasjon**

Representasjon må ikkje vere av ein slik art at den kan tenkjast å påverke avgjerdsprosessen i nye Ålesund, eller gi andre grunn til å tru det.

Tilsette i prosjektorganisasjonen og folkevalde representerer nye Ålesund når dei er på kurs/arbeidsreiser. Det skal visast måtehald med alkohol i slike samanhengar.

## **7. Bruk av sosiale medier**

Tilsette og folkevalde bør vere medvitne sine roller ved bruk av kommunikasjonskanalar som internett og sosiale media. Søk råd om kva for konsekvensar slik bruk kan føre til. All informasjon som nye Ålesund gir, skal vere korrekt og påliteleg og ikkje med vilje gjevast uklar formulering.

## **8. Fortrulege opplysningar**

Fortrulege opplysningar som ein får gjennom arbeid eller politiske verv, må respekterast og ikkje brukast til skade for andre eller til personleg vinning.